

Referat FAU møte 11. mars 2024

Til stades: Eldbjørg Bøthun (10. trinn), Christina Sørheim (9. trinn), Nils Westerheim (8. trinn), Birte Husum (7. trinn), Ane Solbraa (6. trinn, referent), Odd-Eivind Holo (konstituert rektor). På sak 1 deltok i tillegg tenesteleiar skule Frode Grøtnebø, kommunalsjef oppvekst Kenth Rune Teigen Måren og FAU frå Norane, Kaupanger og Fjærland.

Felles FAU møte (kl 19-20)

1. Forskrift om skulekrinsar i Sogndal kommune

Formannskapet i Sogndal kommune vedtok 08.02.24 å sende framlegg til forskrift om skulekrinsar i Sogndal kommune på høyring. [Forskrift om skulekrinsar i Sogndal kommune - SOGNDAL KOMMUNE](#). Kommunen inviterer FAU ved skular og barnehagar til å komme med innspel og spørsmål til administrasjonen for å få best mogleg innsikt i lokale forhold og problemstillingar og å kunne utarbeide ei teneleg forskrift. Tenesteleiar skule Frode Grøtnebø og kommunalsjef oppvekst Kenth Rune Teigen Måren leia denne delen av møtet. Dei informerte om bakgrunn for og framlegg til forskrifta. FAU frå Fjærland, Norane, Trudvang og Kvåle deltok på møtet og hadde høve til å stille spørsmål og kome med innspel til kommuneadministrasjonen. Ev. innspel frå FAU må også sendast inn skriftleg gjennom høyringa. FAU på Kvåle skule diskuterte saka i etterkant av fellesmøtet. Sjølv om vi kan ha forståing for innspela som Norane og Fjærland kom med på møtet, meiner vi at forskrifta ikkje vil endre noko for Kvåle skule og vi vel derfor å ikkje sende inn noko innspel i høyringa.

FAU møte Kvåle skule (kl 20-21)

2. **Mobilfri skule** – FAU var på møtet 17.1. positive til at kommunen vurderer retningslinjer for mobilbruk i Sogndalsskulen. I etterkant har det kome [nasjonale anbefalingar om mobilfrie klasserom på alle nivå](#). Konstituert rektor informerte om at saka har vore diskutert i rektorgruppa i Sogndalsskulen. Skulane opplever at ein har ganske lik praksis seg i mellom, praksis ligger tett opp til nasjonale anbefalingar, men handhevinga er utfordrande. Ein prøver no å få ei felles grunnforståing. FAU har også fått meldingar om at det er utfordrande å handheve reglane på ungdomsskulen. FAU ønsker at Sogndal kommune jobbar vidare med felles retningslinjer i kommunen slik at det kan bli lettare for skulane å handheve desse, sjølv om praksis i dag ligg tett opp til anbefalingane.
3. **Skule pc'ar** - FAU ønskte på møte 17.1. at konstituert rektor tok saka vidare og diskuterte praksis knytt til digitale lekser og ordninga med å ta skule pc med heim. Konstituert rektor informerte om at saka er tatt opp i trinnleiargruppa og med IKT ansvarleg ved Kvåle skule. Skulen har ikkje noko stort ønske om å sende skule pc'ar med heim og grunnjev dette med fare for økt slitasje og sikkerheit. Skulen melder om at elevane har moglegheit for å gjere digitale lekser på skulen og at det er svært få situasjonar der det er påkrevd å bruke pc heime. For elevar som ikkje har pc heime og som ønskjer det er det også mogleg å låne med ein reserve pc heim. Ut i frå

tilbakemeldingane FAU har fått frå foreldre verker dette å vere ei større utfordring enn kva skulen melder om. Det vart derfor einigheit om at konstituert rektor tek ein runde til internt på skulen, samt undersøker kva som er praksis ved andre skular i kommunen og korleis ein der løyser ev. utfordringar i høve slitasje og sikkerheit.

4. **Oppfølging rutine gratisprinsipp i samband med skuleturar** – FAU ønskte på møte 17.1. at det vart jobba med å utarbeide eit dokument for rutinar vedr. foreldredugnad og elevbedrift/-arbeid i samband med skuleturen i 10. klasse. Konstituert rektor informerte om at det arbeidet er satt i gang. Dei som jobbar med dette no dokumenterer arbeidet som blir gjort og samlar saman tidlegare dokument. Saka kjem tilbake til FAU når dokumenta er klare for det.
5. **Skulen sine beredskapsrutinar ved uønska hendingar knytt til alkohol og andre rusmiddel** – FAU ba på møte 17.1. konstituert rektor om at skulen såg på korleis ein kan styrke beredskapsrutinane gjennom arbeid med risikoreduserande tiltak og beredskapsplanar. Konstituert rektor informerte om status for arbeidet. Han ser for seg at det framover blir jobba i to løp. 1) Saka må inn i kvalitetssystemet i kommunen der ein jobbar systematisk med beredskapsrutinar. 2) I forkant av arrangement på/utanfor skulen må ein ha prata seg gjennom ulike scenarier. Punkt 2 vert tatt tak i fortløpande, medan punkt 1 krev meir tid og det er vanskeleg å tidfeste dette arbeidet no.
6. **Elevundersøkinga** – Konstituert rektor informerte om resultatane frå elevundersøkinga. Elevane ved skulen skårar jamt over godt på *trivsel, støtte frå lærar og frå heimen, vurdering for læring, motivasjon og fagleg utfordring*, sjølv om det varierer noko mellom klassetrinna. Tala i høve *mobbing* er meir urovekkande. Dette hadde ein allereie avdekkja gjennom Spekterundersøkinga som vart gjennomført i forkant av Elevundersøkinga. Ein hadde allereie innført nokre tiltak, men som truleg ikkje hadde effekt innan Elevundersøkinga. Arbeidet blir følgt opp frå skulen.
7. **Uteområde Kvåle skule.** Etter informasjon på møtet 17.1. der skulen formidla at denne saka ikkje vart jobba med no, har FAU blitt kontakta av foreldre som ønskjer at denne saka blir tatt opp at. Ein artikkel i [Sogn avis](#) fredag 8. mars set søkelys på saka etter at to elevar på 6. trinn hadde sendt brev til kommunen: «[Ynskje om fleire leiker på Kvåle skule](#)». FAU har også motteke eit brev frå foreldre til 5. trinn på Trudvang skule med ei bekymring knytt til uteområdet ved Kvåle skule og med konkrete forslag til tiltak. FAU diskuterte korleis vi best følgjer opp denne saka og ser for oss eit kortsiktig og langsiktig perspektiv på det vidare arbeidet.
 - Brevet frå elevane vart løfta opp i marsmøtet for Utval for levekår i kommunen og elevane vil få svar på brevet sitt
 - Konstituert rektor undersøker om saka har vore oppe i elevrådet ved skulen og ev. kva som har vore diskutert der. Det vert lagt til rette for å ta saka opp (att) der om ønskjeleg

- Foreldra til 5. trinn får tilbakemelding på sitt brev gjennom referat frå dette møtet
- Skulen vurderer om det er mogleg å løyse nokre av ønskja innanfor den økonomiske ramma ein har i dag
- FAU kontaktar kommuneleiinga for å få kjennskap til eigar- og ansvarsforholda for uteområdet rundt skulen
- Saka blir tatt opp på møtet i Samarbeidsutvalet (SU) for Kvåle skule våren 2024 der både elevar, tilsette, foreldre, skuleeigar og politikarar er representert. Ein vurderer der om ein skal spele inn og jobbe vidare med ei meir omfattande sak knytt til uteområdet ved skulen

8. Ymse

Kort møteevaluering – møta fungerer fint. Ved at kvart medlem har dialog med foreldrekontaktane på sine trinn legg vi til rette for både innspel og informasjon sjølv om fleire melder om at dei ikkje får inn så mange innspel.

Møte Samarbeidsutvalet – konstituert rektor ser for seg eit møte i slutten av april
Neste møte FAU - 3. juni kl 19-21